



**BLI FRIVILLIG PÅ**  
**FERIE FOR ALLE!**

Nokre dagar av di tid — minner for livet for 200 barn.



”Å vere frivillig på leir  
er utruleg kjekt.  
Det gjev meg veldig  
mykje å sjå gleda  
og meistringa blant  
deltakarane”.

- Lise Buset



[www.rodekors.no/sfj/frivillig](http://www.rodekors.no/sfj/frivillig)

[www.rodekors.no/sfj/ffa](http://www.rodekors.no/sfj/ffa)



## Vil du vere frivillig

på *Ferie for alle* på Hauglandsenteret i Fjaler i sommar? Ein gratis ferieleir for barnefamiljar i Sogn og Fjordane med utfordrande økonomi.

## Som frivillig vil du

- ♦ vere leirsjefen sin gode hjelper og del av eit sterkt frivilliglag parat til å bidra
- ♦ assistere instruktørane under organisert dagsprogram på land og til vanns
- ♦ vere hovudkontakt for tildelte familiar
- ♦ bidra med praktiske gjeremål som å hjelpe til med innsjekk, forklare, vise veg, halde orden og ro, ha kjøkkenvakt og organisere sosiale aktivitetar på kveldstid
- ♦ sørge for trivsel og tryggleik, vere tilgjengeleg for ein god samtale, delta i leik og aktivitet, og støtte der det trengst med stort og smått som oppstår

## Du treng ikkje vere

frivillig i Røde Kors frå før. Vi treng fleire på laget, og det trengs ingen forkunnskapar. Alle nye får kurs og opplæring for å føle seg trygg i rolla som frivillig.

## Du vert

del av ein fantastisk frivilligfamilie som gjer ein viktig forskjell. I Røde Kors treff du engasjerte menneske i alle aldrar som nyttar fritida si på å hjelpe andre. I tillegg til å bidra til ein minnerik ferie for andre, opplev også frivillige at veka set spor, og mange kjem att år etter år.

Bli med og gjer ein viktig forskjell for andre!



Saman gjev vi 200 barn ein uforgløyemeleg ferie ❤️



## Når?

*Ferie for alle* er i veke 27, 28 og 29 frå måndag til fredag. Normalt bidreg frivillige ei av vekene, og vel sjølv kva veke som passar. Som frivillig møter du ein dag i forvegen for å bli kjent, førebu deg og ha opplæring.

## Kvar?

Leiren vert arrangert på Haugland i Fjaler. Det vert sett opp felles transport frå Førde for frivillige som ikkje vil køyre heile vegen sjølv. Frivillige overnattar på internat i eigne rom med eige bad. Reise, kost og losji vert dekkja.

## Korleis?

Besøk [www.rodekors.no/sf/frivillig](http://www.rodekors.no/sf/frivillig) for å melde di interesse. Du vert kontakta og får deretter avgjere om dette passar for deg.

## Spørsmål?

Kontakt Arne Helgheim, ansvarleg for *Ferie for alle* i Sogn og Fjordane Røde Kors. **[Arne.helgheim@redcross.no](mailto:Arne.helgheim@redcross.no), 997 32 276**